



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinkalling

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR

Møtested: Telefonmøte, Telefonmøte

Dato: 08.03.2019

Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 90505902. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
AU 3/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 4/19	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 5/19	Orienteringssaker
AU 6/19	Søknad om å arrangere snøscootertur til Lordehytta i Åseral. Åseral Frivilligsentral.
AU 7/19	Eventuelt

AU 3/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

**AU 4/19 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen
saman med styreleiar**

AU 5/19 Orienteringssaker



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjh@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/2080-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 26.02.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	6/19	08.03.2019

Søknad om å arrangere snøscootertur til Lordehytta i Åseral. Åseral Frivilligsentral.

Vedlegg

- 1 Søknad om å arrangere snøscootertur til Lordehytta, 4/25, Røysland, Åseral.
Åseral frivilligsentral

Forvalters innstilling

Med heimel i forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombord kap. 5.1.a gir arbeidsutvalet avslag på Åseral frivilligsentral sin søknad om bruk av snoscooter til Lordehytta.


Arbeidsutvalet legg vekt på at transporten bryt med forvaltningsplanen sin målsetning om at motorferdsla i verneområda skal avgrensast til det som er strengt naudsynt. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at ein dispensasjon vil gi presedensverknad ved at det kan gi ei monaleg opning for persontransport i verneområdet. Ein dispensasjon vil difor på sikt kunne påverke verneverdiane nemneverdig, jfr. Naturmangfoldlova § 48. Vilkår for dispensasjon er difor ikkje til stades.

Saksopplysninger

Åseral frivilligsentral har søkt om å arrangere snøscootertur til Lordehytta på Røysland i Åseral. Føremålet med turen er å samle alle generasjonar, flyktningar og rørslehemma til ein sosial dag. Av omsyn til ver og føre er det sett opp tre alternative datoar for arrangementet: 10. mars, 17. mars og 24. mars 2019. Det vert opplyst at snøscooterane skal køyre samla t/r Lordehytta. Tal snøscooterar er ikkje oppgjeven Kart over ruta er teken inn nedanfor. Det er teikna inn to



alternative ruter, ein frå Røysland og ein frå Kyrkjebygd. Vernegrensa går vest i Svartevatn øvst på kartet.



Verneområdestyret og arbeidsutval har gjeve løyve til tilsvarande turar dei siste åra. Vedtaket i arbeidsutvalet i 2018 var:

«Åseral Frivilligsentral får dispensasjon for bruk av snøscooter for fellestur til Lordehytta sundag, 1. april (1. påskedag). Traseen som skal nyttast er Røysland – Lordehytta. Dispensasjonen vert gjeven etter § 48 i naturmangfaldlova.

- Det skal ikkje vera observert villrein i området
- Alle snøscooterane skal køyre samla

Arbeidsutvalet legg vekt på at aktuell trase ligg i sørleg del og i utkanten av verneområdet. Villreinen har ikkje brukt området aktivt i lengre tid. Traseen er heller ikkje i konflikt med merka skiløyper. Faren for presedensverknad vurderast som liten. Søkjær er ein frivillig organisasjon som organiserer ein fellestur og der Lordehytta er eit heilt spesielt turmål. Ut frå grunngjevinga meiner AU at hovudvilkår for å gje dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova er stetta.

AU viser og til at styret i SVR gjorde eit samrøystes vedtak i ein tilsvarande sak i 2017»



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 5, punkt 5.1a, kor det heiter at motorisert ferdslle på land er forbode. Når det gjeld motorisert persontransport vurderer forvalningsstyresmakta dette som eit transportbehov som ikkje er heimla i verneføreskrifta. Denne søknaden må derfor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova. I denne er det to vilkår som begge må oppfyllast om ein skal kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

"Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nemneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak" (Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet 2014).

Persontransport er elles omtala i forvaltningsplanen kap. 2.4.3:

«I heilt spesielle høve kan det gjevast løyve til transport for varig rørslehemma til eiga hytte, eller liknande stader dei har ei sterk tilknyting til, dersom transporten ikkje kjem i konflikt med verneformål og verneverdiar. Definisjonen av rørslehemma følgjer Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1/96, slik at personar som på grunn av alder, eller mellombels sjukdom, er rørslehemma, ikkje blir rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.»

Vurdering

Naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.



Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no) inkludert oversikt over sensitive artar, samt frå NINA sitt pågående GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

I Åseral har villreinen tradisjonelt nytta nordleg del av kommunen til vinterbeite. I barmarksperioden har det gjerne vore bukkar som har nytta områda. Dette er framleis tilfelle sjølv om bruken har vore låg dei seinare åra, og gjerne område lenger nord og vest enn aktuelle køyrerute. Truleg heng dette saman med den totale bestandssituasjonen. I følge data frå GPS – merkeprosjekt er det ikkje registreringar i nærleiken av køyreruta. Forvaltar har heller ikkje kjennskap til at det er observert dyr eller sporteikn så langt sør denne vinteren.

Det er ikkje registrert andre truga eller sårbare artar i området. Det er ikkje registrert kultuminne som kan ta skade av motorferdsela det er søkt om. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

I heiområda vest for Nåvatn ligg ein del driftshytter knytt til dei enkelte gardsbruka. Aktuelle køyrerute er ein mykje nytta ferdelsrute inn til fleire av desse. Årleg vert det og gjeven ein del løyver til motorisert ferdsel til Lordehytta som følge av stor bygningsmasse og monaleg trong for vedlikehald. Det er og noko motorisert ferdsel i samband med kraftselskapa sin aktivitet. Vurderinga er den samla belastninga i område er moderat.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Bruk av snøscooter etterlet ikkje permanente spor og støyen er forbigående. Det er ein fordel at transporten skjer i samla rekke.

Vurdering etter § 48 i naturmangfoldloven

§ 48 har som nemnd to vilkår som begge må oppfyllast dersom ein skal kunne vurdere å gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Som omtala under «Heimelsgrunnlag» ovanfor opnar forvalningsplanen til ein viss grad for å kunne gi løyve til persontransport. Ein føresetnad er at det gjeld transport til eiga hytta eller liknande stader ein er sterkt knytt til. Vidare er alder og mellombels sjukdom ikkje å rekne for varig rørslehemma i denne samanheng. I denne konkrete saka gjeld søknaden ei større gruppe og der det ikkje er oppgjeven noko særskilt tilknyting til målet for transporten (Lordehytta).

Transporten til Lordehytta gjeld køyring ein avgrensa dag og med ei forbigående uroing. Ut frå kunnskapsgrunnlaget som omtala ovanfor kan ein vanskeleg sjå at køyringa isolert sett påverkar verneverdiane nemneverdig. Spørsmålet om presedensverknad må likevel vurderast nøyne. Ved å opne for denne type transport vil det på sikt kunne føre til ein monaleg auka motorisert ferdsel i verneområdet sidan mange andre grupper/institusjonar vil vere i same situasjon. Etter forvaltar sitt syn vil det å tillate denne type arrangement stri mot målsettinga i forvalningsplanen 2.4.2 om å avgrense motorferdsla til det som er strengt naudsynt.



Andre vurderingar

Verneområdestyret og arbeidsutval har gjeve løyve til slike turar inn til Lordehytta dei seinare åra. Forvaltar vil normalt rette seg etter dei føringar det legg. I denne saka held forvaltar på at det bør gjevast avslag på søknaden da føremålet med transporten bryt klart med dei føringar som ligg i forvaltningsplanen.

Konklusjon

Ein dispensasjon vil gi presedensverknad og vil kunne opne for monaleg med persontransport i verneområdet. Ein dispensasjon vil difor på sikt kunne påverke verneverdiane nemneverdig, jfr. Naturmangfoldlova § 48. Vilkår for dispensasjon er difor ikkje til stades.

Kopi:

*Åseral frivilligsentral
Fylkesmannen i Agder
Åseral kommune*

**SØKNADSSKJEMA FOR TRANSPORT MED MOTORISERT FERDSEL I OG
UTANFOR VERNEOMRÅDA
I ROGALAND, AUST OG VEST AGDER FYLKE.**

Generelle opplysninger

SøkarÅSERAL FRIVILLIGSENTRAL.....

Adresse ..GÅRDSVEGEN 6.....

Postnummer og stad ..4540 ÅSERAL.....

Tlf.41209168.....E-post.post@aseral.frivilligsentral.no

Kva type transport er det du søker om? (sett kryss)

- helikopter
- snøskuter
- noko anna motorisert (kva?)......
- Søknaden gjeld IKKJE innan verneområde**

Søknaden gjeld for følgjande verneområde? I så tilfelle sett kryss

- Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombord
- Dyraheio landskapsvernombord
- Kvanndalen landskapsvernombord/Holmevassåno biotopvernombord
- Lusaheia landskapsvernombord
- Vormedalsheia landskapsvernombord
- Frafjordheiane landskapsvernombord
- Hovden landskapsvernombord
- Steinbuskardet- Hisdal biotopvernombord
- Holmevassåno biotopvernombord
- Vidmyr naturreservat
- Lislevatn naturreservat
- Ljosdådalen naturreservat

Søknaden gjeld gnr.4..../bnr.25..... iÅSERAL..... kommune.

Er søker hjemmelshaver på eiendommen ja nei. Viss nei, må skriftlig leieavtale legges ved.
Finnes det flere løyver knyttet til eiendommen?

**Søknaden gjeld også for (nærmeste familie som ektefelle, sambuar og
barn)..... (maksimalt eitt køyretøy per tildelt
tur).**

skal det leigast inn ein anna person som skal utføra transporten for deg (sett kryss)

Formål

Utdjup formålet (antal transportar og periodé, det kan maksimalt gjevast løyve for fire år med inntil 8 transporter pr. år med snøskuter (løyvet følger kommunalpolitisk periode)

ALT 1: 10.03.19 tur-retur avhengig av
ALT 2: 17.03.19 tur-retur ver og fare
ALT 3: 24.03.19 tur-retur

Transportstrekning (startpunkt og endepunkt, kart må leggast ved)

ALT 1: Kyrkjebugd - Lordehytta (nest ønskelig med hensyn til park. muligheter)
ALT 2: Røysland - Lordehytta

Andre opplysningar

Fremål med turen er å samle alle generasjoner, inkl. flyktninger og ufore/bevegelseshemma til ein sosial og opplevelsesrik dag. Snøskoene hjelper samla.

(Legg om nødvendig med fleire opplysningar og dokumentasjon)

Stad: Åsdal Dato: 25.02.19

Underskrift: Kristina H. Naglestad

Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast. Dersom transporten går gjennom fleire kommunar, er det nok å sende søknaden til ein av kommunane.

Søknaden vil først bli handsama av det regionale verneområdestyret etter verneforskrifta for det aktuelle området, Naturmangfaldlova og gjeldande forvaltingsplanar dersom slike er utarbeidde. Søknaden vil deretter bli handsama av den aktuelle kommunen etter Lov om motorferdsel i utmark og islagde vassdrag, kommunale retningslinjer og Naturmangfaldlova.

- Søknadar må sendast inn seinast tre – 3 - veker før løyvet skal takast i bruk.

www.svr.no

post@svr.no

AU 7/19 Eventuelt